

# Saksframlegg

<b>Saksnr:</b>	<b>Utval:</b>	<b>Dato</b>	
	Utval for levekår		
<b>Sakshandsamar:</b>	Rådmann/stab	Helge Kvam	
<b>Avgjerslemynde:</b>		<b>Sak Id:</b>	14/2953
		<b>Klassering:</b>	

## Høyringsvar - Plikt til å stille vilkår om aktivitet ved tildeling av økonomisk stønad

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Viser til Arbeids- og sosialdepartementet sitt høyringsbrev av 04.06.14 (vedlegg).

Departementet fremjer lovkrav om plikt til å stille vilkår om deltaking i aktivitet ved tildeling av økonomisk stønad til livsopphald. Dette skal gjelde i alle saker der det ikkje er viktige individuelle grunnar som talar imot aktivitetsplikt.

Nytt lovforslag, § 20 Bruk av vilkår om aktivitet, er:

*«Det skal settes vilkår om aktivitet for tildeling av økonomisk stønad med mindre tungtveiende grunnar talar mot det. Vilkårene må ha nær samanheng med vedtaket og ha som mål at stønadsmottakeren skal bli helt eller delvis selvhjulpen. De må ikkje være uforholdsmessig byrdefulle for stønadsmottaker eller begrense hans eller hennes handle- eller valgfrihet på en urimelig måte. Vilkårene må heller ikke være i strid med andre bestemmelser i loven her eller andre lover.*

*Ved brudd på vilkårene kan det fattes vedtak om at stønaden reduseres, forutsatt at det i vedtaket om stønad og vilkår er informert om muligheten for slik reduksjon. Departementet kan i forskrift gi nærmere retningslinjer for bruk av sanksjoner.»*

#### Status i Meland kommune

Viser til saksutgreiing og vedtak i Formannskap sak 115/13 datert 20.11.13 (vedlegg).

Meland kommune er positiv til at aktivitetsplikt skal vere eit prioritert verkemiddel for å motvirke fattigdom og sosial ulikskap. Personar som søker økonomisk yting skal ha både rett og plikt til å delta på arbeidsretta aktivitet etter individuell vurdering i vedtaksperioden. Personar som er under 25 år skal ha ei særskilt prioritering.

#### Administrative konsekvensar

Lovendring vil ha administrative konsekvensar m.a. grunna krav om individuelle vurderingar om aktivitetsplikt i alle søknader om økonomisk stønad. Avgjerd om aktivitetsplikt skal utgreiast og grunnjevast i alle vedtak, uavhengig om det vert fatta vilkår eller ikkje.

Meland kommune v/NAV administrerer i dag ulike typar vilkår utfrå individuelle omsyn jamfør merkander til gjeldande § 20 i rundskriv til sosialtenestelov. Dette er vilkår som omfatter arbeidsretta aktivitet, men og andre gjeremål. Slik sett vurderer ein at dei administrative konsekvensane med nytt lovkrav vil kunne handterast.

Nytt lovforslag gjev imidlertid kun rett til vilkårsetting om arbeidsretta aktivitet. Dette er ein reduksjon i tilgjengelege vilkårskrav utfrå gjeldande praksis. Grunngeving for denne reduksjon i handlingsrom for vilkårsetting bør presiserast nærare frå departementet.

Meland er ein vekstkommune. Med folkevekst vil det truleg vere prosentvis vekst i tal personar som i periodar kan ha trong for vurdering av økonomisk bistand frå kommunen. Dette kan vere ei utfordring om kommunen opplever auka søknadsmengde med nye krav til vilkårsvurdering i alle søknader og parallelt ikkje har økonomi til å styrke personalressurs ved NAV. Det er samstundes viktig at sakshandsamarressurs ved NAV kontor ikkje einsidig vert styrt mot meir administrasjon (vedtaksvurdering) framfor utadretta sosialfagleg oppfølging.

#### **Økonomiske konsekvensar**

Det er ein føresetnad for lovfesta vilkårsetting om aktivitetsplikt at Meland kommune har relevante og varierte tiltaksplassar med fagleg forsvarleg innhald tilgjengeleg. Det er difor ikkje tilstrekkeleg å fokusere på administrativ utforming, oppfølging og kontroll av vedtak for å nå målsetting i høyringsskriv. Ein må sikre tilstrekkeleg ressurs til å kombinere administrativ kvalitet, samt variert arbeidsretta aktivitetstilbod til målgruppa.

Oppretting av nye kommunale tiltaksplassar, som er individuelt tilpassa behov hjå den einskilde søker, vil ha konsekvensar for prioritering av kommunal ressursbruk. Departementet skriv her at det ikkje kan utformast like opplegg til alle stønadsmottakarar, og føreset individuelt tilrettelagte tiltaksplassar. Dette vil vere kostnadskreivande for Meland kommune.

Når det gjeld økonomisk konsekvens per tiltaksplass så har staten sjølv prisa eigne tiltaksplassar som til dømes APS og avklaring. Ein kan truleg etablere rimelegare tiltaksplassar, men det er rimeleg å anta at kommunane bør gjennomsnittrekne denne type tiltaksplass til minimum kr. 100.000,- per år per plass. Desse tala må kvalitetssikrast og relaterast til faktisk val av type tiltak.

Det er og eit moment at staten bør følgje opp med auka tilgang til statlege tiltaksplassar for målgruppa. Det bør ikkje vere kommunen åleine som skal finansiere auka kapasitet for arbeids- og aktivitetsretta tiltak for målgruppa.

Eit anna moment er spørsmålet om det er ein føremøn å etablere to parallelle arbeidsretta tiltakssystem – eit statleg og eit kommunalt. Departementet kunne vurdert om ein auke innan etablerte statlege tiltaksplassar kunne vert forbeholdt å dekke behov hjå målgruppa for denne lovendringa. Slik kunne ein søke å integrere og samordne ressursbruk, framfor oppsplitting mellom stat og kommune.

Departementet peiker på at investering og ressursbruk til oppfølging (tiltaksplassar) av stønadsmottakarar skal kommunen sjølv finansiere via reduserte sosialhjelpsutgifter og auka skatteinntekter på sikt. Meland kommune er som nevnt ein vekstkommune. Dette gjev at ein gitt prosent av folkeveksten vil ha trong for sosiale tenester og økonomisk bistand. Det vil difor vere ei utfordring for kommunen å budsjettere innsparingar slik departementet signaliserer. Det er lite

truleg at Meland kommune i nær framtid vil kunne hente ut ein økonomisk gevinst som kan finansiere etablering av nye kommunale tiltaksplassar.

### **Vurdering**

Meland kommune stettar hovudmålsetting med nytt lovkrav om plikt til arbeidsretta aktivitet der stønadsmottakar snarast råd skal bli heilt eller delvis økonomisk sjølvhjulpen. Ein legg til grunn at dei aller fleste sosialhjelpsmottakarar ønskjer å vere delaktig i arbeidsliv utfrå sine individuelle føresetnader. Langvarig ufrivillig fråvær frå arbeidsliv og arbeidsretta tiltak kan vere skadeleg både for psykisk og fysisk helse. Aktivitet er slik sett eit gode både for den einskilde, samt utfrå eit samfunnsøkonomisk perspektiv.

Meland kommune stiller spørsmål ved om reduksjon i val av ulike typer vilkår er formålstenleg. Ny lovtekst fokuserer kun arbeidsretta aktivitet. Lovendringa bør vurderast meir utfrå eit heilskapleg sosialfagleg- og brukarretta perspektiv, slik at andre gjeremål og kan vurderast føremålstenleg for å nå målsettinga.

Meland kommune meiner at innføring av lovkrav om oppretting av kommunale arbeidsretta aktivitetstilbod må følgast opp med statleg finansiering. Staten bør parallelt auke sin eigeninnsats via tilgong til statlege tiltaksplassar i arbeidsmarknadspolitikken.

Folkehelse – ingen merknad

Miljø – ingen merknad

Økonomi – ingen merknad, viser til kommentar i sakutgreiing.

### **Konklusjon**

Meland kommune stettar hovudmålsetting med nytt lovkrav om arbeidsretta aktivitet der stønadsmottakar snarast råd skal bli heilt eller delvis økonomisk sjølvhjulpen. Ein bør unngå einssidig fokus på arbeidsretta aktivitet, og det bør parallelt kunne stillast andre typar vilkår for å nå intensjon med lovendring. Kommunen bør få tilført statleg finansiering for etableringa av nye kommunale tiltaksplassar til målgruppa. Det er ikkje tilstrekkeleg å vente at eventuelle framtidige innsparingseffektar på økonomisk sosialhjelp kan forskuttere nye tiltak.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Utval for levekår viser til vedtak i Formannskap sak 115/13. I tillegg vil utvalet gje følgjande merknad: Meland kommune stettar hovudmålsetting med nytt lovkrav om arbeidsretta aktivitet. Ein bør unngå einssidig fokus på arbeidsretta aktivitet, slik at kommunen og kan vurdere å stille andre typar vilkår for å nå intensjon med lovendring. Kommunane bør få tilført statleg finansiering for etablering av nye kommunale tiltaksplassar til målgruppa. Det er ikkje tilstrekkeleg å vente at eventuelle framtidige innsparingseffektar på økonomisk sosialhjelp og skatteinntekt kan forskuttere nye tiltaksplassar.

### **Ikkje vedlagte saksdokument:**

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost

**Vedlagte saksdokument:**

AKTIVITETSPLIKT FOR SOSIALHJELPSMOTTAKARAR (L)(303128)	15936	03.09.2014
Høringsbrev - plikt til å stille vilkår om aktivitet ved tildeling av økonomisk stønad	11774	03.09.2014
Høringnotat	11776	03.09.2014
Høringsbrev fra Arbeids- og sosialdepartementet	11775	03.09.2014
Høringsinstanser	11777	03.09.2014

# MELAND KOMMUNE

## SAKSPAPIR

<b>Styre, komite, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Sbh.</b>	<b>Saknr</b>
Formannskapet	20.11.2013	THK	115/13

<b>Avgjerd av:</b> Formannskapet	<b>Ansv.</b>	<b>Arkiv:</b>	<b>Arkivsaknr</b>
<b>Saksbeh.:</b> Thomas Knudsen	THK	N-320	13/1795

### AKTIVITETSPLIKT FOR SOSIALHJELPSMOTTAKARAR

#### Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
				ARBEIDSPLIKT FOR SOSIALHJELPSMOTTAKARAR

#### Saksutgreiing:

Vi syner til tidlegare kommunestyresak av 12.09.2012 nr. 077/12. NAV er bede om ei statusoppdatering i saka.

NAV er etablert med omsyn til å få ei heilskapleg og effektiv forvaltning som mellom anna skal få fleire i arbeid og aktivitet, og færre på stønad. Meir fleksibel og samordna bruk av statlege og kommunale virkemiddel skal gje betre tenester til brukarar med samansette behov.

Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga inklusiv aktuelle forskrifter legg rammer for arbeidet med målgruppa. I tillegg er det og aktuelt å vise til Rundskriv 35 – Lov om sosiale tjenester i NAV.

NAV Meland skal slik nytte ulike verkemiddel og utforme tenester og tiltak som fremjer lova sitt føremål og bidrar til hjelp til sjølvhjelp. Dette slik at brukaren kan oppnå eit best mogleg funksjons- og meistringsnivå, og få moglegheit til å verte sjølvhjelp gjennom arbeid og/eller trygd.

Økonomisk sosialhjelp er behovsprøvd og vert forvalta på kommunalt nivå. I høve tema om arbeidsplikt for sosialhjelpsmottakarar er dette mellom anna relatert til gjeldande lov § 20 Bruk av vilkår: *”Det kan settes vilkår for tildeling av økonomisk stønad, herunder at mottakeren i stønadsperioden skal utføre passende arbeidsoppgaver i bostedskommunen... Vilkårene må ha nær samanheng med vedtaket. De må ikkje være uforholdsmessig byrdefulle for stønadmottaker eller begrense hans eller hennes handle- eller valgfrihet på en urimelig måte.”*

Viser her vidare til Rundskriv 35 – Lov om sosiale tenester i NAV punkt 4.20.2.7: Nærmere om vilkår om å utføre arbeidsoppgaver i bostedskommunen ”Vilkår om arbeidsplikt skal ses i samanheng med målet om å gjøre tjenestemottaker selvhjulpen. Vilkår om arbeidsplikt er særleg aktuelt å sette for en tjenestemottaker som ikkje har andre rettigheter eller tilbod frå NAV-kontoret, og som kan ha nytte av å få arbeidserfaring. Det må foretas en konkret individuell vurdering av hvilke arbeidsoppgaver som passer for den enkelte. Vilkåret er særleg aktuelt for personer som har problemer med å skaffe seg arbeid fordi de mangler arbeidserfaring, og som kan auke sine muligheter på det ordinære arbeidsmarkedet ved å utføre arbeidsoppgaver i kommunen. Dette kan for eksempel gjelde noen unge tjenestemottakere. Bestemmelsen innebærer ikke plikt til å ha slike arbeidsoppgaver tilgjengelig i kommunen.”

Viser og til same Rundskriv punkt 4.20.2.8: Konsekvenser av at et vilkår brytes.

### Status NAV Meland

I 2012 var det samla talet husstandar som har fått vedtak om økonomisk sosialhjelp 179. Av desse var 36 husstandar i aldersgruppa under 25 år. Per utgangen av oktober i 2013 har 177 husstandar fått økonomisk sosialhjelp og av desse er 32 under 25 år. (I tillegg kjem sosialhjelp til flyktningar, som har eit introprogram)

Ungdom i Meland i alderen 16-24 år	
Meldt som ordinær arbeidssøkjjar ved NAV Meland	37
Med dagpengar	9
Med sosialhjelp som einaste inntekt (over to mnd.)	4 (4)
Med supplerande sosialhjelp	6
I tiltak	8

P.t. er 2 av 4 med sosialhjelp aktuelle for arbeidsplikt (1 søkt inn på tiltak og venter oppstart og 1 sykemeldt uten rett til sykepengar). Begge

aktuelle kandidatane krev tett oppfølging.

Vedtaksperiodane for den einskilde husstand varierer, samt at einskilde husstandar kun har eit enkelt vedtak i perioden. Dei fleste husstandane har anna statleg yting og/eller lønnsinntekt som hovudinntekt.

Meland kommune har lang og omfattande erfaring med ulike type arbeidsretta tiltak for sosialhjelpsmottakarar. NAV Meland har særleg fokus på ungdom og held oversikt over gruppa og jobbar aktivt for å skaffe dei arbeid og aktivitet, til dømes: kurs, arbeidspraksis, arbeid med bistand, avklarings tiltak mm. Ungdomane vert og kalla inn min. ein gong pr. mnd, men som regel vert det gjeve tilbod om samtale 1 gong per veke. NAV nyttar i alle sosialhjelpssaker for ungdom moglegheita til å sette ulike typar vilkår. Hovudprioritet er at desse ungdomane raskt skal kome ut i arbeid, skule eller arbeidsretta tiltak.

Generelt praktiserer NAV Meland ulike typar tiltak for nemnde målgruppe som søkjar økonomisk sosialhjelp. Dette gjeld mellom anna:

- Individuell vurdering og kartlegging av den einskilde, og vurderingar i høve til helse, utdanning og arbeid.
- Oppfølgingstilbod, heimebesøk og økonomisk rettleiing (inkludert gjeldsrådgjeving) for å avklare rett type stønad og tiltak.
- Krav om at alle søkarar, ut frå helsevurdering, vert registrert som arbeidssøkarar, aktivt søker arbeid, sender meldekort og deltek på arbeidsmarknadstiltak.
- Nyttar ulike typar vilkår for økonomisk sosialhjelp etter individuell vurdering.
- Nyttar ulike typar konsekvensvedtak ved brot på vilkår inkludert reduksjon i stønadsnivå.

Det er til dømes etablert samhandling mellom NAV Meland og avdeling for drift og vedlikehald med omsyn til målgruppa. Det er tilgjengelege arbeidsoppgåver innan kommunal tenesteyting i denne sektoren for aktuelle personar som ikkje har særskilde oppfølgingsbehov. Dette inkluderer mellom anna studentar i sommarperioden. Også i 2013 vart det gjennomført arbeidsplikt for studentar som søkte sosialhjelp. Saka vart nyleg drøfta i leiarmøte og tenesteleiarar stiller seg positive til å ta inn personar på praksis som ikkje har eit spesielt oppfølgingsbehov. Det er større utfordring å ta imot personar med særskilte oppfølgingsbehov.

NAV Meland drøftar hyppig om personane som søker om og mottek sosialhjelp er aktuelle for arbeidsplikt. Vår gjennomgang syner at det samla sett er 3-5 personar som har vore aktuelle for vilkår om arbeidsplikt og alle desse har et oppfølgingsbehov av ein viss storleik.

Andre personar i målgruppa er vurdert å mellom anna ha for svak helse og venter medisinsk behandling, arbeidsavklaringspengar eller uføretrygd.

Dette tyder på at omfanget av aktuelle personar i målgruppe for arbeidsplikt er relativt marginal. Imidlertid er det naudsynt å kontinuerleg vurdere vilkårssetting om arbeidsplikt uavhengig av noverande tall personar i målgruppe. Dette er meir ut frå prinsippet om rett og plikt til arbeidsaktivitet ved mottak av økonomisk stønad. Vurderingane er eit kontinuerleg arbeid hjå NAV Meland, ut frå føresetnader hjå den einskilde søker.

### **Vurdering:**

Meland kommune har ein visjon om å vere "Eit samfunn for alle". Det er difor naudsynt at kommunen kontinuerleg arbeider for å utjamne sosiale ulikskapar og motverke trekk i samfunnet som kan oppretthalde eller forsterke dette.

Det er trong for å halde fram ein brei tiltaksmeny i møte med personar som har trong for kommunal økonomisk bistand. Dette gjeld særskilt dei unge, kombinert med barnefamiljar. Vurderingar kring arbeidsplikt vert utført i dag ved NAV Meland. Dette med grunnlag i individuelle vurderingar jamfør lov og forskrift. Det er slik både ein rett og ein plikt å ta del i arbeidsrelatert aktivitet om de individuelle føresetnadane er tilstades.

Om det vert satt vilkår om arbeidsplikt, vert det og påført konsekvens ved brot på vilkår. Her nyttar NAV Meland ulike konsekvensar for den einskilde, jamfør lovverk. Det er og praksis å redusere økonomisk yting, men innan eit forsvarlig nivå.



Det er her viktig å merke seg at tilrettelegging av særskilt oppfølging via tilbud om kommunalt arbeidstiltak er ressurskrevjande. Erfaring med tidlegare tiltak som t.d. ”Natur og kultur-gruppe”, Sjølvbyggjarprosjekt” og tømrrarlag tilseier at ein har trong for ulik type fagkompetanse direkte i arbeidssituasjon.

#### **ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

”Formannskapet i Meland meiner at det er ein samfunnsøkonomisk utfordring at unge menneske ikkje kjem inn i eller fell ut av ordinært arbeidsliv. Det er difor mellom annan naudsynt å halde fram med å nytte og utforme ein brei teneste- og tiltaksmeny, i møte med personar som søker om økonomisk stønad. Ein må legge til rette for at brukarane kan oppnå eit best mogleg funksjons- og meistringsnivå, og få moglegheit til å verte sjølvhjulpen gjennom arbeid og/eller trygd.

Hovudprioritet for NAV Meland er å gje aktuelle personar tilbud innan det ordinære tiltaksapparatet i NAV.

Økonomisk sosialhjelp er ei behovsprøvd og kortvarig ordning. Formannskapet i Meland meiner at aktivitetsplikt for sosialhjelpsmottakarar skal vere eit prioritert verkemiddel for å motverke fattigdom. Aktuelle vurderingar må skje i samsvar med lov og forskrift etter ei konkret og individuell vurdering av tenlege vilkår og konsekvens.

Personar som søker om økonomisk sosialhjelp i Meland kommune skal ha både rett og plikt til å delta på arbeidsretta aktivitet etter individuell vurdering i vedtaksperioden. Personar som er under 25 år skal her ha særskilt prioritering for arbeidsretta tiltak, inklusiv vurderingar om arbeidsplikt.

Rådmannen vurderer kva tenesteområde som skal få oppgåva med å stille arbeidsplassar og oppgåver til disposisjon for arbeidsplikt og kva oppfølgingsressursar som trengs. Vidare gjev rådmann statusmelding om sak til Formannskapet ved halvårsrapport 2014.”



20.11.2013 FORMANNSKAPET

Leiar NAV Thomas Knudsen orienterte og svarte på spørsmål.

**FS-115/13 SAMRØYSTES VEDTAK:**

”Formannskapet i Meland meiner at det er ein samfunnsøkonomisk utfordring at unge menneske ikkje kjem inn i eller fell ut av ordinært arbeidsliv. Det er difor mellom annan naudsynt å halde fram med å nytte og utforme ein brei teneste- og tiltaksmeny, i møte med personar som søker om økonomisk stønad. Ein må legge til rette for at brukarane kan oppnå eit best mogleg funksjons- og meistringsnivå, og få moglegheit til å verte sjølvhjulpen gjennom arbeid og/eller trygd.

Hovudprioritet for NAV Meland er å gje aktuelle personar tilbod innan det ordinære tiltaksapparatet i NAV.

Økonomisk sosialhjelp er ei behovsprøvd og kortvarig ordning. Formannskapet i Meland meiner at aktivitetsplikt for sosialhjelpsmottakarar skal vere eit prioritert verkemiddel for å motverke fattigdom. Aktuelle vurderingar må skje i samsvar med lov og forskrift etter ei konkret og individuell vurdering av tenlege vilkår og konsekvens.

Personar som søker om økonomisk sosialhjelp i Meland kommune skal ha både rett og plikt til å delta på arbeidsretta aktivitet etter individuell vurdering i vedtaksperioden. Personar som er under 25 år skal her ha særskilt prioritering for arbeidsretta tiltak, inklusiv vurderingar om arbeidsplikt.

Rådmannen vurderer kva tenesteområde som skal få oppgåva med å stille arbeidsplassar og oppgåver til disposisjon for arbeidsplikt og kva oppfølgingsressursar som trengs. Vidare gjev rådmann statusmelding om sak til Formannskapet ved halvårsrapport 2014.”

**Rett utskrift**

**Dato:**

**Kopi til:**

NAV Meland  
Rådmannen